

# Møte i Marvik skule FAU – skuleåret 2022/2023.

Dato: 01.11.22

Skrivar: Elisabeth Bjørkhaug

Tilstade i møtet:

	Representant		Vararepresentant	
1. klasse	Elisabeth Bjørkhaug	x	Siv Marita Iversen	
2. klasse	Lisebeth Gjøse	x	Ingunn Stokka	
3. klasse	Atle Tveita	x	Lars Ove Fjetland	
4. klasse	Finn Arthur Rosland	x	Bjørn Helge Lovra	
5. klasse	Elisabeth Bjørkhaug	x	Sissel Vatland	
6. klasse	Liv Jorunn Øvrebø	x	Susanne Log	
7. klasse	Bjørg Karin Øvrebø	x	-	
Rektor	Tanja Bergby	x		

Merk: Finn Arthur Rosland deltok ikkje i sak 3, 4 og 5.

## **Sak 3: Rapport «Utfordringar i Suldalsskulen»**

Rapporten skal vidare til behandling i kommunestyret november 22. FAU ønskjer å jobba vidare når rapporten er ferdig behandla, alt etter kva vedtaket blir.

## **Sak 4: Kommunikasjonsplattform – «FAU sitt ansikt ut» til resten av foreldregruppa.**

Marvik skule FAU oppretter ei facebookside eller -gruppe, der FAU er tydeleg avsendar av saker FAU jobbar med, saker FAU samarbeider med skulen om – samt anna informasjon og praktiske råd til foreldregruppa. Elisabeth oppretter og driftar kanalen. FAU representantane held på messengergruppa seg i mellom, men unngår drøftingar digitalt. Atle ryddar i medlemmer som har tilgang til denne. Vidare sender Atle ut innkalling til FAU, Elisabeth distribuerer referat.

## **Sak 5: Mobil bruk og digital verd.**

Ønske om at FAU drøfter og engasjerer seg i bornas digitale verd, og kanskje også framtidige felles retningslinjer for dette. FAU ønskjer i første omgang å samarbeida med skulen om ein foredre- og elevkveld med tema digitale kanalar. Det er også ønskjeleg å kobla på politikontakten eller eventuelt andre med kompetanse. Rektor etablerer kontakt med politikontakt.

## **Sak 6: Hol i Asfalten.**

Det er hol i asfalten med fotballmålet nær hovudinngangen. Rektor undersøker og set inn tiltak.

## **Sak 7: Rydde etter friminutt.**

Elevane i 1. – 4. gir uttrykk for at dei må rydda etter alle elevane på skulen i friminutta. Kan elevane i 5. – 7. rydda etter seg etter endt friminutt? Rektor undersøker og set inn tiltak.

**Sak 8 – innspel frå rektor – organisering av SFO-tilbodet.**

Det kan bli utfordringar med å ha nok tilsette i SFO til våren. Skulen er i dialog med barnehagen for å sjå på moglege samarbeidande løysingar. Rektor oppmøder FAU til å tenke moglegheiter innan SFO-tilbodet. Kan det bli gitt på anna vis, med annan organisering og nyttig gevinstane av det? FAU stiller seg positive, og gir tilbakemelding om at det er ønskjeleg med ein meir bærekraftig organisering som nyttar ressursar (både menneskelege og økonomiske) og som ivaretok borna sitt behov for sosial samhandling samt eit SFO-tilbod som er i tråd med rameplan for SFO. Rektor vil koma tilbake med meir informasjon.

**Sak 9 – Innspel frå rektor - Leksehjelp og lekser**

Rektor ønskjer tilbakemelding på om skulen kan vera meir fleksibel i samband med leksehjelp, då det er utfordrande å gi leksehjelp spesielt på onsdagar. FAU stiller seg positive til at skulen vurderer dette.

Skulen ønskjer også tilbakemeldingar frå FAU på korleis ein opplev lekser. FAU reflekterer og diskuterer fordeler og utfordringar med leksefri skule og stiller seg positive til at skulen jobbar vidare med dette. FAU meiner det er mange gode argument for kvifor skulen bør vurdera å bli ein leksefri skule.

Neste møte i Marvik skule FAU er tysdag 10. januar 2023 kl. 19.00 på Marvik skule.